

18.08.1988

Kjære Robert,

Jeg tror dette må være skrevet ned av fetter Øivind (Nossen), sønn av onkel Håkon i Vadfoss, men hvorfor han skrev på slikt knotemål skjønner jeg ikke, men han har muligens skrevet av etter noe han har fått på Nossen.

Noen av årstallene er også merkelige, vet ikke om det noen ganger er fødsels - og døddato og andre ganger tiden de bodde på Nossen (eks. Salmund Knutson (1801) ble gift i 1780!

Vil du lese rignemåten, ring eller skriv om feil, så setter jeg opp, for jeg kjører ut den utdelte versjonen og kopierer opp.

Takk for sist. Det er fantastisk så koselig å være hos dere!

Hei
Arvid

NOSSEN-SLEKTA

Ei gamal soge segjer at den fyrste mann som busette seg på Nossen heitte Lars. Han var son til ein av dei to mennene på Mele. Han var gift med ei dotter av grannen. Farane deira let dei få ein plass på framste bømarka si, og det vart upphave til Nossen etter det ein nå må tru. I det som følgjer skal nemnas namnene på dei som hev budd på Nossen etter Lars og elles det ein veit um dei.

Peder Hansson (1602)

Jon på Nossen (1603). Namna vart den tid skrivne: Jon paa Noszen. Um han frå fyrst av vart halden for gardmann eller husmann er uvisst, men sonen Arne er i 1612 nemnd som husmann, og Arne sin far, Jon, maa daa ha vore halden for gardmann.

Arne (Arnen paa Noshen (1613 - 1637)). Han var brukar saman med far sin i tida 1627 til 1634.

Olav Sakseson Yttre-Hovde (1639-1642) som gifte seg med Anne Arnesdotter Nossen er frå 1639 rekna som brukar.

Anders Sevaldson Nupen (1640-1642) som hadde vore brukar av bruksnummer 2 i Nupen flutte i 1640 til Nossen. Då Olav S. Yttre-Hovde då nyleg var komen til Nossen, må dei ha brukt i lag, um ikkje anna var årsak til desse skjeplingar.

Hans Andersson (1694-1701)

Anders Hansson (1713-1738) gift med Ingeborg Jonsdatter Aam.

Hans Andersson d.y. (1740-1756) gift med Synneve Ivarsdatter Sporstøyl.

Her sluttar denne rekkja av brukarar av fedregarden vår, no gardsnr. 45, bruksnr. 1 i Ørsta. Det samla tidsrom for desse 9 karane er pålag 170 år. Ingen vart sjølveigarar. Tverrsummen av 170 på 9 vart pålag 20, men det er det å merkje at Lars må notjast til side; og sume av dei andre hev hatt ei kort brukstid. Den siste brukaren Hans som døydde i 1774 var fraa 1771 kaarman hjå den nye eigaren og brukar som var:

Peder Knutsson Melle (1771-1802). Han er vår tipp-tipp-oldefar. Han kjøpte begge bruka på Nossen på ein auksjon. Det var ein mann i Hornungdalsnes i Skodje som då var eigar, og han trengde selja. Peder spurde brukarane um dei var fornøgde med at han kjøpte. Det var både Hans og Ola (?) nøgde med, for dei visste seg ingen utveg til å kjøpa. Ola fekk novnad av Pder um at han skulle få kjøpa att, og let ikkje det seg gjera, skulle sonen hans få bygsla. Peder held ord. Torger Olsson Nossen fekk bygsla gaardsnr. 45, bruksnr. 2.

Peder Knutsson Melle betalte paalag kr. 350 (riksdaler?). Det var riksdaler den tid i 1771. Riksdalaren var delt i 6 ort og kvar ort var 16 shilling.

Hans Nossens eldste son Anders flutte til Nupen der han hadde skyldfolk.

Med ei gjenta, Kari Olavsdotter Nupen, vart han gift og var brukar av bruksnr. 2 i Nupen. Av hans born veit ein i det minste um 2, Rasmus og Synneve. Rasmus vart gift i Yttre-Hovde med Guri Andersdotter. Rasmus og Guri hadde tri born, Anders, Karl-Ingebrigt og Ane Ingeborg. Anders vart skulemeister, men han døydde fyrr han vart 30 aar. Karl-Ingebrigt var no joragut og vart gift med Johanne Andersdotter Velle. Deira nest yngste son vart diktarpresten Anders Hovden. Ane Ingeborg Rasmusdotter vart gift med Sivert Andreas Jakobsen Haavoll. og ho vart bestemor til den vestpaa so høgvyrde Rasmus Øvrelid, som i si tid byrja den kristelege ungdomsskule i Førde i Sunnfjord. Skulen hadde svær søknad, og der vart oppført dei turvande bygningane for skulen. Men medan Øvrelid var burte paa foredragsferd brann husa, og kona og fleire av borna brann inne eller kom til skades. Seinare var der bygd att, og Øvrelid var der i lengere tid. Sidan uppstod der ein slags missnøye med han innan styret for skulen. Daa Karstad i Volda høyrde det baud han Øvrelid lærarplass på Volda Lærarskule og Øvrelid tok mot. Det er ei aalmen meining vestpaa at det var Øvrelids arbeid som gjorde skulen så høgvyrd viden um. Øvrelid ligg i Hareide, eit kort stykke nordvest for innste enden av Hjørungavaag.

ÆTTEGREIN FRAA (BYSKJE) MELLE

Magnus Melle (1603), gift med Ragnhild. Ætta er enno på garden.

Torbjørn Magnusson (1603-1623), gift med Dorte.

Knut Torbjørnson, (1623-1663), gift med Marit.

Torbjørn Knutson Melle (1661-1694)

Knut Torbjørnson (1692-1719) gift med Ane K. Aam.

Knut Knutson (1720-1745) gift med Ingeborg P. Aam.

Olav Sjurson Haheim (1746-1766). Har var gift med enkja etter Knut Knutson, d.v.s. Ingeborg K. Aam.

Knut Knutson (1767-1789) gifte seg i 1760 fyrste gong med Saamund G. Mo sin enkje: Synnev Olavdotter Mo og andre gongen i 1789 med Synneve Olavsdatter Bjørdal. Han hadde sønene Knut, Salmund, Peder og ei dotter Barbraa. Han var sjølveigar frå 1771.

Salmund Knutson (1801) vart i 1780 gift med Ane Larsdotter Øy. Han var fleire aar brukar paa Hesteflot i Dalafjord, og der vart sonen Lars fødd.

Lars Salmundson (1815-1836) vart gift med Berte Arnesdotter Tvergrov. Dei hadde berre to døtre: Anne-Sussana og Andriana. Det er ei segn som segjer at Lars bad um at han maatte faa maagar og det fekk han, iallt paalag seks. Sussana vart i 1841 gift med Nils Nilsson Brekke. Vinteren etter reiste han ilag med andre, truleg til Lofoten. Utfor Helgeland kom dei ut for eit fælt vér, og laut lense unda og landa paa utsida av ei øy. Dei fekk noko av nista og ty iland. Der budde ikkje folk paa øya. Laget tok paa aa forsyne seg med rusdrikk for aa berga livet til morgonen. Nils ville ikkje være med paa detta, men tok og gjekk for aa koma yver øya. Daa dei andre kom yver var han død. Han vart gravlagt ved kyrkja der. - Så skulde Sussana gifte seg med Jon Sjursen Brauteset. Han var vekke paa ein arbeidstur. Bryluppet skulle haldast fyre slaatten.

Men han kom heim so sjuk at han laut til sengs og døydde uten at vigselen kunne gaa fyre seg. So vart Sussana istaden gift med:

Torger Knutson Brungot (1842-)

Jon Jonsen Brauteset (1860-) vart gift fyrste gong med Anne Sussana J. Krøvel og annan gong i 1876 med Pernille Kanutte J. Nossen.

Anders Jonson vart i 1907 gift med Karine Eliasdotter Aam.

Jon Andreassen vart gift med Marta Sivertsdotter Ose.

ØDEGARDÆTTA (LITTLE-KRØVEL)

Dei fyrste 5 karane som budde på garden veit ein ikkje noku um, men den neste var:

✓ Rasmus Sjurson (1733-1744). Han budde fyrst på Rønnestad. han vart gift to gonger, fyrste gong med Anne Olavdotter Engeset og andre gongen med Ragnhild Pedersdotter. Dei hadde ei dotter, Kari.

✓ Olav Olavson Kallvatn (1746-1749) vart gift med Ragnhild Pedersdotter etter at Rasmus døde. Daa Olav døyde gifte ho seg enno ein gong og no med:

✓ Rasmus R. Otredal, (Horningdal (1751)

Peder Rasmusson (1762-1802) var gift to gonger. Fyrste gong gift med Sylvei Rasmusdotter Haugen i 1761 og andre gongen i 1774 gifte han seg og med Brita Larsdotter Haugen. Med Sylvei hadde han sonen:

Rasmus Pederson (1806-1836) som i 1815 gifte seg med Katrine Ellingsdotter Folstad.

Peder Elias Rasmussen (1857-1890) vart i 1845 gift med Curine Amundsdotter Aarflot.

Rasmus Pedersen (1891) gift med Sussana Nilsdatter Engeset, Volda.

Arne Olson Haugen (1901) gift i 1881 med Aamonie Persdotter Krøvel.

Frk. Gyda Arnesdotter Haugen.

KRØVELÆTTA (STORE KRØVEL)

Andersgarden

Olav Olavsen Krøvel (1795-1813) vart i 1793 gift med Johanne Olavsdotter Aambo. Dei hadde sju døtre:

1. Lisbet som vart gift med Knut A. Aarsæter.
2. Oline som vart gift med Jon E. Folstad. Han byksla og brukte Krøvelen.
3. Synneve som vart gift med Elias K. Nakken.
4. Ane Berte som vart gift med Sjur Brauteset.
5. Ragnhild som vart gift med Jakob A. Aarsæter. Dei budde ei tid paa Romestrand.
6. Gjertru som vart gift til Høydal i Volda

Oline vart enkje og gifte seg att i 1827 med Martin Jonsen Brauteset. Den 7. juni 1833 hende den store ulukka at mesteparten av brukets huser og iverande eiendele vart øydelagde av eldebrand og tri born brende inne. Da dei varat framdregne var to døydde og den tridje livde berre ein dag.

Knut A. Aarsæter (1805) vart som ein ser gift med Lisbeth Olavsdotter Krøvel. I 1805 kjøpte han bruket av Sjur Larson Eksund-Ødegard. Difor kjem no sonesonen paa bruket.

Knut Andersson Aarsæter (1848-1873) vart i 1843 gift med Pernille Persdotter Vatne.

Anders Knutson Krøvel (1873-1908) vart i 1873 gift med Ragnhild O. Bjørdal.

Knut Andersson Krøvel (1908-) vart i 1908 gift med Johanne O. Vatne.

Fraaskild fra bruksnr. 1 var i 1877 bruksnr. 2. Der budde Knut Petter Knutson som i 1884 vart gift med Johanne Arnestad Mo. Fraaskild bruksnr. eit bruk til Ola Anders Krøvel.

LIANESÆTTA

Arnegarden

- ✓ Arne Larsson Haugen (1774-1802) vart i 1765 gift med Kanutte Knutsdotter Opsal. Dei var fyst ni aar på Opsal.
- ✓ Arne Arneson Lianes (1815-1838) vart gift med Margrete Hansdotter Myklebust fraa Syvde.
- ✓ Lars Arneson (1847-1913) vart i 1874 gift med Oline Marta Eliasdotter Opsal.
- ✓ Elias Arneson (1913-) vart i 1913 gift med Marie P. Lystad.

NAKKEÆTTA

Denne ætta som er farfar i Kiil (Johan Nossen, lærar og organist i Sannidal) si farsætt sitt enno på garden. Den fyrste ein høyrer um av denne ætta er:

Steinar Anderssen (1594-1622)

Olav Steinarsson (1617-1664) var gift to gonger. Fyrste gongen var han gift med Anne Knutsdotter Vik og andre gongen med Synneve R. Romestrand, Vartdal. Olav var Kyrkjeumbudsmann.

Knut Olavson (1666-1694) vart gift med Ingeborg Amundsdotter.

Amund Knutson (1695-1733) vart gift med Hilde Pedersdotter Selvik fraa Volda. Foreldra hennar var Steffen Hansson og Mette Steffensdotter Nore Bjørkedal.

Peder Amundson vart i 1836 gift med Brite Larsdotter Viddal. Brite sin far var fraa Bjørdal. Andre gongen gifte Brite seg med Jakob R. Bjørkedal.

- ✓ Jon Jonson Bjørdal (1740-1759) vart i 1721 gift med Anne Amundsdotter Hovudnakk.
 - ✓ Knut Jonson (1759-1789) vart gift tri gomger. Fyrste gongen var han gift med Ane Elisasdotter Ose, andre gongen med Ragnhild Torgersdotter Aam og tridje gongen med Marie Eliasdotter Melle.
 - ✓ Elias Knutson Nakken (1801-1838) gift i 1800 med Synneve Olsdotter Krøvel.
 - ✓ Knut Eliasson (1839) vart gift i 1830 med Marie Knutsdotter Vatne.
 - ✓ Elias Knutson vart gift i 1891 med Berte Kanutte H. Brekke.
- Knut Eliasson (1904) vart i 1891 gift med Anne Olsdotter Aam.
I 1907 vart bruksnr. 5 Breidablikk fraaskild gardens bruksnr. 1.
- Peder Eliasson (1907-) gift i 1907 med Sigrid A. Grytnes. Same aaret ble Nergard fraaskild br. nr. 1. Der bur:

Elias Knutson.

Her skal ein taka eit lite ettersyn, og fyrst skal ein se litt nærmare paa farfar i Kiil sine oldeforeldre.

I

✓ Knut Jonson Nakken og kona Anne Eliasdotter Ose

Med sine tri koner hadde Knut i allt desse borna:

- ✓ 1. Pernille, gift med Sjur Ingebriktson Liadal
- ✓ 2. Johanne, gift med Peder Andersson Bjørkedalsbakk
- ✓ 3. Ingeborg, gift med Ivar Olsson Haugen
- ✓ 4. Anne, gift med Johannes Olson Krøvel, Ose
- ✓ 5. Elias k. Nakken, gift med Synnev O. Krøvel
- ✓ 6. Jon Nakkebø, gift med Anne Sætre
- ✓ 7. Peder Sæbø, paktar
- ✓ 8. Knut K. Bjørdal
- ✓ 9. Mette Moltu
- ✓ 10. Dorte Barstad
- ✓ 11. Amund, gift med Berte Kanutte Siversdotter Aarflot, diktar, forfattar.

II

✓ Ola Olson og kona Johanne Olavsdotter Aambø.

Deira born var:

- ✓ 1. Lisbet, gift med Knut Anderson Aasæter (Aarsæter)
- ✓ 2. Synneve, gift med Elias Knutson Nakken
- ✓ 3. Ane Berte, gift med Kristian S. Brauteset
- ✓ 4. Gjertru, gift med Ola Høydal fraa Volda
- ✓ 5. Ragnhild, gift med Jakob A. Aasæter (Aarsæter)
- ✓ 6. Oline, fyrst gift med Jon E. Folstad, sida med Martin Brauteset

III

Arne Larsson Haugen og kona Kanutte Knutsdotter Opsal

Deira born var:

- ✓ 1. Arne Arneson, gift med Margrete H. Myklebust, Syvde
- ✓ 2. Peder Arneson Lianes (Nossen) gift med Ingeborg P. Nossen
- ✓ 3. Knut, gift til Nedre-Hagen
- ✓ 4. Synneve Karine gift med Knut Raudøy (Knut døydde kort etter)
- ✓ 5. Lars Arneson gift med Ane Marie Myklebust, Ørstad
- ✓ 6. Arne Larsson gift med Oline Marte Eliasdotter Opsal
- ✓ 7. Elias Arneson, gift med Marie P. Lystad

IV

Peder Knutson Melle Nossen, født 1735 og kona Kari Rasmusdotter Krøvel

✓ Dei vart gift i 1772 og deira born var:

- ✓ 1. Knut Pederson Nossen vart fødd i 1774, men døydde 6 aar gamal. Farfar i Kiil si bestemor, Ingeborg, fortalde um han at han kunne segja uppatt preikane naar han kom heim fraa kyrkja. Ho fortalde og at faren saag naadeljoset kome dettane nedpaa hovudet hans og trilla nedyver kleda hans. Det var som ei rund blaa kule, sa han.
- ✓ 2. Ragnhild Persdotter Nossen vart fødd i 1777, Ho døydde vaksa. Ho var mykkje sjukeleg, og døydde i 1814, berre 37 aar gamal.
- ✓ 3. Ingeborg P. Nossen vart fødd i 1780. Ho var helst av middels storleik, lettfør, men tunghøyrde. Ho døydde i 1866.
- ✓ 4. Ola Pederson Nossen vart fødd i 1784, men han døydde fem dagar gamal.

Um farfar i Kiil sin oldefar, Peder K. Melle-Nossen kan det vere eit og anna og nemna. Farfars moster på Ose, Pernille, fortalde:

Daa Peder hadde slutte som skulemeister var han noko tid huslærer hjaa ein handelsmann paa Gullsmedholmen i Herøy. Denna mannen hadde ei Dragedokke som hadde sitt eige rom i huset. Dragedokka maatte vera eit slags aandvesen som maatte kunne lekamleggjera og leite upp penger og andre kostnader paa stader der skip hadde forlist. Oftast kvidde Dragedokka seg for aa fara og Peder skulemeister som have sitt rom oppyver Dragedokka sitt, høyrde ofte kor lille ho bar seg fyrr ho tok ut.

Peder vart skulemeister daa Elias E. Melle slutta. Um hans arbeid som lærar kan ein berre nemna at han var sær s flink til aa skrive gotisk skrift (ein skrift som enno brukast i Tyskland). Skuleskrinet er enno i si opphavelige stand paa Ose. Det er pryda med utskjeringar.

I eit bryllup fann man ein gong paa aa byte burt Nossen mot garden aat ein mann fraa Mo. Mannen fraa Mo som skulle faa Nossen heitte Torger. Med Peder ville ikkje la bytinga staa ved makt, og difor vart det sak um dette. Paa hausttinget kom ho fyre. Fyrste tingdag vart vitna avhøyrde. Andre tingdagen byrgja saka att med at partane la fram forlik um at gardbytinga skulle fullbyrdast fraa komande vaar. Vaaren kom, men Peder vyrde ikkje avgjerda, men gjorde vaararbeide som vanleg og det same gjorde mannen fraa Mo paa sin gard. Daa det leid mot slaatten tok mannen på Mo til aa ha yver elva sine eignedeler og daa fann nok Peder at han fekk gjera det sama, altsaa flutta til Mo. Slaattarbeide og all innhaustinga dreiv so kvar av dei paa sine nye gardar. Daa dei ein gong raakast og talast ved sa Torger: "Eg elsker den gode Langedalen", og Peder sa "Eg elsker den gode Røyta" (eit grasrikt stykke nedfor husa på Nossen). Og so bytte dei um at. Peder kom attende til Nossen og Momannen

til Mo.

No er me komne til farfar i Kiil sine besteforeldre. Dei var:

I

✓ Peder Arneson Lianes (Nossen) og kona Ingeborg P. Nossen
Deira born var:

- ✓ 1. Pernille Karine Persdotter Nossen, fødd i 1800
- ✓ 2. Ingeborg Karina " " " 1802
- ✓ 3. Ein dødfødd dreng i 1808
- ✓ 4. Anne Karina Persdotter Nossen " 1809
- ✓ 5. Knut Pederson Nossen, " 1812, død i 1840
- ✓ 6. Ein dødfødd dreng i 1816
- ✓ 7. Synneve Karina Persdotter Nossen " 1817, død i 1904
- ✓ 8. Pernille Karina " " " 1819

II

✓ Elias Knutson Hovudnakk og kona Synneve Olsdotter Krøvel
Dei vart gifte i 1800 og hadde desse borna:

- ✓ 1. Knut Eliason Nakken fødd 1800 og gift med Marie K. Vatne
- ✓ 2. Marie fødd i 1803 og gift med Paul Eide Hyfjord
- ✓ 3. Ola Eliason Nakken fødd i 1808 og gift med Sarine Haugen
- ✓ 4. Jon Eliasson Nakken fødd 8 1817 og gift med Synneve Karina Nossen
- ✓ 5. Ragnhild fødd i 1819 og gift med Mads A. Folstad

Sluttsteinen i denne rekkja vart so farfar i Kiil sine foreldre:

✓ Jon Eliasson Nakken (Nossen) og kona Synneve Karina P. Nossen.
Jon vart fødd den 13.04.1817 og Synneve vart fødd 22.07.1817.
Oldefar Jon døydde 25.04.1883 og oldemor Synneve døydde helga 1904.
Dei hadde desse borna:

- ✓ 1. Pernille Kanutte Jonsdotter Nossen, fødd 2.02.1844
- ✓ 2. Peder Elias Jonsson Nossen, fødd 06.07.1846, død 15.09.1871
- ✓ 3. Sivert Jonsson Nossen, fødd 16.12.1848, død 27.01.1849, seks viker gamal
- ✓ 4. Sivert " " fødd 13.01.1850, død desember 1942
- ✓ 5. Peder Johannes Nossen, fødd 08.10.1852, død 18.06.1931
- ✓ 6. Knut Sivert Jonsson Nossen, fødd 18.04.1856, død 08.03.1870
- ✓ 7. Johan Jonsson Nossen, fødd 03.03.1859, død september 1943
- ✓ 8. Amund Jonsson Nossen, fødd 19.07.1861, død 08.09.1870

✓ Enno eit par ting skal ein nemna til slutt: Syster til farfar i Kiil sin farfar, Dorte Nakken, vart andre kona til Kolbein L. Barstads (fraa Engeset). Deira born var:

- ✓ 1. Berte Kanutte Velle
- ✓ 2. Sakfører Barstad, Aalesund
- ✓ 3. Knut Barstad
- ✓ 4. Marie
- ✓ 5. Kolbein

- ✓ 6. Johanne Nupen
- ✓ 7. Dorte Petrine Melle

Nummer tri i rekkja, Knut Barstad, vart gift med Ragnhild T. Brekke. Desse to hadde ikkje heim, men budde i Vik. Etter aa ha fenge to søner, Paul og Knut, døydde Knut Barstad. Nokre aar etter bad ein gamal dreng som var einsam i Sandvik Ragnhild um ho ville slaa lag med han og det vart gjort. Son hennar, Paul, er den same som Paul Sandvik paa Hamar og son hans er dr. O. Sandvik som nok hev æra for aa ha gjort mest for melodiane i den nye koralboka.

Ei anna syster av farfar sin farfar, Anne, vart gift med ein Johannes Ola Krøvel paa Ose. Dei fekk halv gard paa Ose. Fraa dei ættar Klokkar-Kanutte, og hennar soneson er kyrkjehistorikaren sokneprest Ivar Welle.

Avskrift etter dårlig kopi av historie, trolig skrevet ned av Øivind Nossen en gang i tiden 1950 - 60.

18.09.1988. Gerd Jarrett